



Bygland kommune

Kommunehuset  
4745 BYGLAND

Saksbehandlar, innvalstelefon

Gunhild Austjord, 37 01 75 76

## Kommuneplanen sin arealdel for Bygland 2023 - 2035: Trekking av motsegn B04 Vassend

Me viser til dialogmøte 16.02.24 om fire område som Statsforvaltaren har retta motsegn til i Bygland kommune sitt framlegg til kommuneplanen sin arealdel 2023 – 2035. Motsegnene gjeld i hovudsak omsyn til jordvern. Bygland kommune har stadfest etter dialogmøtet at dei tek motsegna til område B03 Sannes til følge, jf. referat frå møtet 17.02.24.

I dialogmøtet kom det fram at område B04 Vassend gjeld to bustadtomter som er delt frå og oppmålte etter dispensasjon jf. pbl § 19-2 frå LNF-føremålet i kommuneplanen. Det er i samband med dette gjeve løyve til omdisponering og deling etter jordlova §§ 9 og 12, samt gjeve utsleppsløyve for minireinseanlegg. Bygland kommune har etter møtet sendt dokumentasjon på tilhøva i e-post 22.02.24. Sjølv om delar av godkjenningane var tidsavgrensa og dei to tomtene ikkje er bygde på, meiner me at disponeringane som er gjort på arealet gjer at saka stiller seg annleis.

Med bakgrunn i dette trekkjer Statsforvaltaren motsegna til B04 Vassend attende.

Etter dette står det att to motsegner frå Statsforvaltaren til Bygland kommune sin arealdel til kommuneplanen: KBA01 Austadneset og B05 Frøysnes. Mekling på desse to områda som Bygland har bede om i brev 22.02.24, er under planlegging hjå Statsforvaltaren.

Med helsing

Gina Lund  
statsforvalter

Ingunn Løvdal  
miljøverndirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

